



Asbjørn Myhre
Smalgangen 3
0188 OSLO

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/317 - 22/2419

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
25.11.2022

Avslag på søknad om stønad til rassikring - Gbnr. 73/1 Nottveit i Modalen

Modalen kommune syner til søknad om dekking av utgifter til sikring av naustbakke på Nottveit.

Søknaden gjeld:

Etter ras med etterfylgjande flodbølge, vart naust, sjøhus, naustbakke, klopp, parkeringsplass, veg og natur rasert. Arbeid med å byggje oppatt området er godt i gong.

Arbeidet er dels finansiert med private midlar saman med forsikring og naturskadefond.

I samband med at naust og sjøbu skal førast opp att, er det krav om at bygga skal liggje minimum 1,5m over sjømål/havnivå. Naustbakken må difor hevast. Ei mindre elv som har utlaup i området, kan under flaumtilhøve stå i fare for å ta nytt leie og slik kunne gje framtidige skadar i høve naust og sjøbu. I tillegg grev/eroderer bylgjer frå fjorden mot strandsona inn mot nemnte bygningar.

For å sikre seg mot dette, lyt elva og sjøkanten steinsetjast/plastrast over ein strekning på om lag 30m. Kostnaden med dette utgjer kr. 374.568,75 inkl. mva.

Asbjørn Myhre, ein av oppsitjarane i området, søker på vegne av eigarane av naust og sjøbu på Nottveit difor Modalen kommune om å dekkje denne summen.

Grunngeving for søknaden er at naustbakken på Nottveit har vore og vil verte eit fint friluftsområde. Det er også eit profilert område all den tid turistbåtar går nær opptil land. Slik sett bør området sjå bra ut.

Vurdering:

Modalen kommune har siste åra brukt omfattande midlar til mellom anna rassikring andre stadar i kommunen. Kommunen har dessverre ikkje midlar til å kunne prioritere denne saka. Kommunen minner òg om at dette er eit område der ikkje liv og helse står på spel samanlikna med bustadar med fast busetjing – sjå grunngeving for dette i avsnittet nedanfor.

Kommunen har òg sjekka opp tilskotsordningane som NVE (Noregs Vassdrags- og energidirektorat) forvaltar. NVE prioriterer ikkje tiltak med kostnad under 500.000,-. Dei prioritere heller ikkje sikring av

områder som gjeld fritidseigedomar og liknande. Dette har med å gjere at saker der liv og helse står på spel, vert prioritert. Med «liv og helse» meinast t.d. bustader der folk har sitt daglege opphald og overnatting, medan andre bygningar ikkje kan få same prioritet.

Etter kva vi kan sjå på kartet, ligg heile tiltaksområdet på gnr. 73, bnr.1. Vi har ikkje motteke stadfesting på at eigar Einar Sofienlund går god for dette tiltaket på hans eigedom.

I e-post av 14.11.22 har Jan Eirik Nottveit kommentert søknaden. I grove trekk peikar han på at området ved bekken ikkje har endra seg sidan før raset gjekk. Naustbakken vart skadd lenge før raset gjekk. Denne skaden skuldast bruk av tyngre gravemaskiner i samband med arbeid. Det har òg vore gjennomført sprengingsarbeid i området. I fylgje Nottveit har det heller aldri vore køyreveg bort til nausta, men det har vorte gjort gravearbeid for å kunne køyre der med tohjulstraktor. Det oppstod skade i naustbakken etter graving fleire år før raset kom.

Kloppa over bekken var aldri nytta til noko form for køyretøy før søkjar kom med tohjulstraktor og skulle ha den bort til garasjen som vart bygd bak naustet. Fylgjene av søkjar sitt forsøk på å endre kloppa frå gangklopp til køyreklopp, var at vatnet frå bekken tok til å grave i fundamentet til kloppa og slik gjorde skade i området.

Det som må gjerast etter det dårlege arbeidet, bør ikkje betalast av skattebetalarane sine pengar.

Det har heller ikkje vore p-plass i det aktuelle området der flodbylgja råka. Det er 4 p-plassar i nærleiken som ikkje vart råka av flodbylgja.

Nottveit oppsummerer med at søknaden i høgste grad ikkje bør komast i møte.

Modalen kommune vel å ikkje kommentere desse merknadane då dei uansett ikkje vil ha avgjerande utfall i saka. Dette fordi vår konklusjon er som fylgjer: Modalen kommunen har ikkje midlar til å stø søknaden om dekking av utgifter til sikring/istandsetjing av området med naust/sjøbu verken fullt ut eller delvis.

Med helsing

Tone Selmer SkuggevikLaila Bjørge

Teknisk sjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Svein Arne Vågane

rådgjevar

Mottakere:

Asbjørn Myhre	Smalgangen 3	0188	OSLO
Einar Sofienlund	Postboks 14	5732	MODALEN
Jan Erik Nottveit			
Modalen kommune	Postboks 44	5732	MODALEN